

FjellVAR AS  
Lonavegen 20  
5353 STRAUME

Vår dato: 03.08.2018  
Vår ref.: 201837477-2  
Arkiv: 313  
Dykkar dato: 02.08.2018  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Silje Aakre Solheim  
22959544/saas@nve.no

## Løyve til mellombels senking av Steinsvatnet i Øygarden kommune

Vi syner til dykkar søknad av 2.8.2018 om løyve til mellombels avvik frå etablert reguleringsregime for Steinsvatn.

### Bakgrunn for saka

Frå 1.5.2018 overtok FjellVAR AS ansvaret for VAR-tenestene i Øygarden kommune. Dette som ledd i kommunesamanslåing av Fjell, Sund og Øygarden kommunar.

Øygarden kommune har tre vassbehandlingsanlegg, men eitt av desse er ute av drift på grunn av giftige algar. På grunn av dette leverer Blomvåg vassbehandlingsanlegg i dag vatn til heile den søre delen av Øygarden kommune. Dette har ført til eit auka press på vasskjelda Steinsvatn som har eit vassuttak på kring 2500 m<sup>3</sup>/døgn.

Blomvåg vassbehandlingsanlegg leverer vatn til om lag 4000 innbyggjarar og til industrianlegget på Kollsnes.

Den uvanleg tørre våren og sommaren har gjort at magasinet nesten er tomt. FjellVAR AS vurderer situasjon som kritisk, og søker difor om løyve til å gå under LRV.

Det finst ingen konsesjon til eksisterande vassuttak frå NVE. Vassuttaket har føregått så lenge at det truleg er anten eit ekspropriasjonsløyve frå Fylkesmannen, eller privatrettslege avtalar som ligg til grunn for den reguleringshøgda som vert nytta. Det har ikkje lukkast NVE å få tilgang til eventuelle løyver. FjellVAR AS opplyser at HRV (topp dam) ligg på kote 26,35, og at LRV er oppgitt til å vere topp dam – 1,6 m, altså på kote 24,75.

Det blir søkt om følgjande:

*«Løyve til mellombels vassuttak i Steinsvatn i Øygarden kommune mellom kote 24,75 (LRV) og kote 23,75 i perioden 2. august til 25. oktober 2018.»*

Det har i sommar vore innført forbod mot hagevatning og oppmoda om redusert vassforbruk, vasstrykket er redusert, og det har vore gjort omfattande lekkasjesøk og reparasjon av vassleidningar. Vassforbruket har i denne perioden gått ned frå 2500 m<sup>3</sup>/døgn til 2000 m<sup>3</sup>/døgn. FjellVAR AS skriv i

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

søknaden at med eit vassforbruk på 2000 m<sup>3</sup>/døgn over 50 døgn vil ei nedtapping på 1 m ekstra truleg sikre vassforsyninga i kommunen, sidan hausten vanlegvis er ein periode med mykje nedbør.

### Høyring

På grunn av det avgrensa omfang saka har, er ho ikkje kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at saka er godt nok gjort greie for ved dette.

### NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til avvik frå reguleringsregime i medhald av vassressurslova § 8.

Det har vore ein uvanleg tørr vår og sommar i Sør-Noreg. Dette har gått hardt utover mange vasskjelder, og NVE har motteke fleire søknadar om mellombels løyve til å gå under LRV. Drikkevatn har høg prioritet hjå NVE, og vi meiner at ein må strekkje seg langt for å sikre drikkevatn til alle. FjellVAR AS viser til at det har vore sett i verk tiltak for å redusere vassforbruket, og at dei med tetting av lekkasjar, og innføring av vatningsforbod har klart å redusere vassforbruket frå 2500 m<sup>3</sup>/døgn til 2000 m<sup>3</sup>/døgn. Dette meiner NVE er positivt, og viser at det er gjort forsøk på å unngå å hamne i den situasjonen ein no likevel er kommen i. NVE vil likevel oppmode om at FjellVAR AS, dersom tørkesituasjonen held fram, framleis held på vasssparingsstrategiane, og også forsøker å oppfordre store vassforbrukarar (industri og liknande) til å vere måtehaldne der det er mogleg.

Søk i Artskart og Naturbase (2.8.2018) viser registrering av ein stor lokalitet med naturtypen kystlynghei på vestsida av Steinsvatnet. Lokaliteten har fått verdi svært viktig (A). Det skal ikkje gjerast fysiske inngrep i området, og 1 m senking av vasstanden vil ikkje påverke naturtypen. Det er også registrert ål (VU) i vassdraget. Sjølv om magasinet vert tappa ytterlegare 1 m vil det framleis vere att vassdekte areal der ål og eventuell anna fisk kan overleve. Senkinga av vasstand vil skje over tid så det er ikkje fare for at fisk skal strande. Det er også registrert ein observasjon av svartstrupe (EN) ved vatnet. Denne fuglen har ingen tilknytning til sjølve vassdraget, og vil ikkje verte påverka av redusert vasstand.

Det er ikkje krav til å sleppe minstevassføring ut frå Steinsvatnet. Det er av den grunn ikkje forhold for fisk i bekken frå vatnet til sjøen. Den no omsøkte senkinga vil ikkje utgjere nokon skilnad.

NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretaast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er mellombels og har stor samfunnsnytte. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Naturbase viser også at det er kartlagt eit svært viktig friluftsområde ved Steinsvatnet. Ei senking av vasstanden med 1 m under etablert LRV vil kunne vere skjemmaende i grunne område. Ei strandsone vil komme til syne, og verke som eit sår i landskapet. Dette vil kunne oppfattast negativt av folk som nyttar området til tur og rekreasjon. Senkinga er av avgrensa varigheit, og NVE meiner at dette er ei ulempe som må akseptrast for å sikre drikkevatn.

### Konklusjon

**NVE gjev løyve til at FjellVAR AS kan senke Steinsvatnet 1 m, ned til kote 23,75, frå 3.8.2018 til 25.10.2018. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.**

**Løyvet vert gjeve på desse vilkåra:**

- Det skal først protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg.
- Nedtappinga skal kunngjerast ein gong lokalt.
- NVE føreset at FjellVAR AS har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som følgje av tiltaket.

**Om klage og klagerett**

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing

Rune Flatby  
direktør

Gry Berg  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

FjellVAR AS v/Bjarne Ulvestad  
Fylkesmannen i Hordaland  
victor.horvath@mattilsynet.no  
Øygarden kommune  
Øygarden kommune v/Råmund Skjold